



Permisjonsreglement for Tryggheim ungdomsskule

§ 1. Føremål

Permisjonsreglementet skal gje føringar for når Tryggheim ungdomsskule kan gje ein elev permisjon frå skulen. Tryggheim ungdomsskule vil sikra elevane rett til grunnskuleutdanning, og sørge for likebehandling i dei tilfella ein søker om permisjon. Det er ikkje ein rettigheit å få permisjon. Permisjon er noko skulen kan innvilga. Dersom skulen innvilgar permisjon, er det ein føresetnad at det er forsvarleg og at eleven kan ha fri frå opplæringa.

§ 2. Verkeområde

Reglane gjeld for pliktig grunnskoleopplæring etter Opplæringslova §2-2, jf. Privatskulelova §3-2, og gjeld elevar ved Tryggheim ungdomsskule

§ 3. Vilkår for permisjon frå grunnskoleopplæringa

I vurderinga om kva som er forsvarleg skal det leggjast vekt på:

- Kva som er det beste for eleven og kva eleven meiner, jf. privatskoleloven § 5A-1 og § 5A-2
- Læringsutbyttet til eleven
- Kva som skal skje på skulen i permisjonstida
- Om foreldra vil sørge for eigna opplæring i permisjonstida
- Eleven sitt fråvær og permisjonshistorikk
- Kva læringsutbytte eleven vil få i permisjonstida

§4 Omfang av permisjon per skuleår

Elevar kan normalt sett ikkje få permisjon i meir enn 10 dagar per skuleår. Dersom det føreligg tungvegande grunnar vil ein kunne gje permisjon ut over desse dagane.

§5 Obligatoriske prøvar, kartleggingar og eksamen

Det skal ikkje innvilgast permisjon ved førebuing til eller gjennomføring av:

- kartleggingsprøvar,
- nasjonale prøvar,
- heildagsprøvar,
- eksamenar, skriftlege og munnlege
- leirskule.

§6 Saksbehandling og klagerett

Søknad om permisjon må sendast til skulen i god tid før permisjonen skal starta. Leiar fattar vedtak i saker om elevpermisjon. For permisjonar på ein dag, innvilgar kontaktlærar permisjonen.

Avgjerda om permisjon er enkeltvedtak, jf. Forvaltningslova §2. Det er klagerett på avgjerda. Skulen behandler klagen fyrst og Departementet v/ Statsforvaltaren i Rogaland er siste klageinstans. Dette skal beskrivast i vedtaket.

Reglane er vedtekne av styret ved Tryggheim skular 12.11.2024.